

Mani i rampelyset

Maniske episodar korrelerer med ønske om å bli berømt.

Dette viser ein studie publisert i *British Journal of Clinical Psychology*. Sheri L. Johnson, Lori R. Eisner and Charles S. Carver ved University of California, Berkeley samanlikna maniske og depressive nivåå hjå 103 personar med resultat frå eit spørjeskjema som kartla ambisiøse livsmål, som ønske om å bli berømt og få materiell suksess. 27 av forsøkspersonane var på førehand diagnostiserte med ei bipolar lidning. «Vi fann at personar som hadde opplevd maniske episodar i livet hadde dei høgaste forventingane til popularitet og velstand», seier Johnson til BPS Media Centre.